

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - C14	14/925

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
56/2015	Utval for levekår	PS	03.11.2015
	Kommunestyret	PS	

Ungdomskontakten Salto - driftsavtale mellom Meland kommune og Lindås kommune 2016-2018

Vedlegg:

Driftsavtale -Salto

Salto - Samarbeidsavtale pr. 12.6.15.pdf

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det interkommunale tiltaket Ungdomskontakten Salto starta opp som eit treårig prosjekt hausten 2007, som eit samarbeid mellom sju kommunar i Nordhordland, Knarvik senter, politi, kyrkja og den vidaregåande skulen i Knarvik. Samarbeidskommunar er: Lindås, Meland, Masfjorden, Radøy, Austrheim, Modalen og Fedje.

Etter avslutta prosjektperiode vedtok Meland kommune vidareføring frå prosjekt til fast drift jamfør kommunestyre sak 105/10. Gjeldande samarbeidsavtale for perioden 2013-2015 vart vedtatt av kommunestyret jamfør sak 107/12.

Det ligg føre framlegg til vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto mellom Meland kommune og Lindås kommune for perioden 2016 – 2018 (vedlegg). Ressursbruk og budsjett vert vidareført på noverande nivå. Meland kommune sin andel av samla driftskostnad er 16 % (om lag kr. 200.000,- per år). Prosentandel tilsvarar her besøkstal frå Meland ungdom.

Når det gjeld tilbod som Ungdomskontakten gjev viser ein til punkt 4 i driftsavtale.

Effektar av førebyggjande verksemd kan vere utfordrande å måle. Dette gjeld både for lokale tiltak i den einkilde kommune samt interkommunale tiltak. Resultat frå siste Ungdomsundersøking 2013 kan gje argumentasjon til å halde fram med eit mangfald av ulike typar tiltak som når ungdom på ulike arena. Resultat frå denne undersøkinga kan ein sjå her -

<http://www.meland.kommune.no/resultat-fraa-ungdata-i-meland-kommune-2013.5387715-298720.html>

Ungdomskontakten Salto vil gjennomføre brukarundersøking i 2016.

Representantar frå Ungdomskontakten Salto vil møte i Utval for levekår og gje nærare orientering

om arbeidet. Aktuell presentasjon vert delt ut i møte.

Vurdering

Ungdom, trendar og miljø/kulturar er mobile, og ein bør søkje å supplere lokale førebyggjande tiltak med regionale samarbeidstiltak som møter ungdom med vaksenkontakt der dei oppheld seg.

Ungdomskontakten Salto tilbyr vaksenkontakt og oppsøker ungdom på deira eigen arena. I tillegg er Ungdomskontakten ein samarbeidspart til øvrige fagmiljø som møter ungdomane i andre samanhengar som til dømes skule, barnevern, NAV og psykisk helsevern.

Førebyggjande verksemd er langsiktig, systematisk og målretta arbeid på fleire felt samtidig. Ein må halde fram å finne tenlege målepunkt for å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er effektive og gjev tenlege resultat på ulike nivå. Slik sett bør ein mellom anna vurdere å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i komande driftsperiode.

Rådmann rår til at Meland kommune vidarefører driftsavtale for Ungdomskontakten Salto i ny periode 2016-2018. Finansiering av tiltaket vert soleis vidareført i budsjettframlegg.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Meland kommune vidarefører driftsavtale for Ungdomskontakten Salto i ny avtaleperiode 2016-2018.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden 2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»

Utval for levekår - 56/2015

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden

2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»